



På årsmøte i Uskedal utvikling i går vart det kunngjort at tema på marsmøte vert nettsida uskedalen.no. Lag, organisasjonar og verksemder med betalt annonseplass vert innkalla.

Målet med møte er ei drøfting og avklaring om framtida til nettsida etter at Ola Matti Mathisen har sagt frå om at han vil trappa ned skrivning og redaksjonelt arbeid.

Mathisen er alt i dag mindre mobil og om ein skal halda oppe dagens profil, må kontaktpersonar og gode hjelparar senda bilete og ferdigskrive manus.

Eit føredøme er barnehagen der Ann Irene Sæle sender ferdigskrivne artiklar med bilete av god kvalitet.

Ein kan ikkje forventast at, dei som skriv i dag, vil vera klar til ei kvar tid for å dekkja møte og hendingar i bygda.

Difor bed vi alle merka seg dag og tid, onsdag 6. mars kl. 19.

Drøftinga på møte vil vera avgjerande for profilen og framtida til nettsida.

Styret

Nett og foto: Thor Inge Døssland